



Handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2027-2028

For å kunna søkja om spelemidlar står det i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» punkt 2.4.5: Anlegget skal være del av en vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Eidfjord kommune skal revidera Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, arbeidet har ikkje starta opp enno. Det er difor berre handlingsplanen som vert handsama no.

Spelemiddelsøknadar og prioriteringar 2027-2028

Anlegg er prioritert ut frå fylgjande kriteria

1. Finansiering av frivillig lag /organisasjon
2. Når anlegga var/er ferdige
3. Tiltak som fører til aktivitetar som er av ålmenn interesse

Ein føresetnad ved innsending er at søknad om spelemidlar er fullstendig, med tilhøyrande dokumentasjon

Ordinære anlegg

Prioritet	Namn på anlegg	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbygger
1	Padeltennisbane	Eidfjord idrettsanlegg	625	Eidfjord kommune
<p>Skildring av prosjektet: Padeltennisbane er kome som vedtak i budsjettet og det vert arbeida med plassering. Padeltennisbane skal vera eit lavterskel tilbud til eigentrening der du ikkje er avhengig av å delta på eit lag eller i ei gruppe for å trenast eller avhengig av opningstider.</p> <p>Søknadsbeløp: -</p> <p>Status: Planlagt</p> <p>Fyrste søknadsår: 2027</p>				
2	Oppgradering idrettsanlegg	Eidfjord idrettsanlegg	-	Eidfjord kommune
<p>Skildring av prosjektet: Kommunestyret har bede rådmann gå i dialog med idrettslaget om oppgradering av idrettsanlegget ved grasbanen. Dette kan innebera oppgradering av fotballanlegg med ein funksjon for løpe/fridrettsanlegg til dømes friplassen/frifot, med ca 200 meter løpebane med tartandekke, ein mindre fotballbane med kunstgras og evt tilhøyrande lysanlegg. Det er ikkje konkludert endeleg avgrensing på prosjektet. Prosjektet vert sannsynleg delt inn i fleire spelemiddelsøknadar.</p> <p>Søknadsbeløp: -</p> <p>Status: Planlagt</p> <p>Fyrste søknadsår: 2028</p>				

Miniatyrskytebane v. Eidfjord skyttarlag er tatt ut av tabellen då dette anlegget er ferdigstilt og også slutført i anleggsregisteret. Pr. 04.05.26 er det ikkje annonsert



enno om dei har fått innvilga spelemidlar for tildeling i 2026 eller om dei må fornye søknaden fleire år

Framtidige anlegg og prosjekt

Komande anlegg og prosjekt som det er kome som innspel tidlegare eller som er vidareført frå tidlegare plan.

Namn på anlegget	Stad	Kostand (i 1000)	Skildring av prosjekt
Ordinære anlegg			
Tursti rundløype Aokanbu	Lægreidslia	-	Vidareføra stien frå Aokanbu og ned til eksisterande tursti over Hjellerud
Sti og løypenett	Sysendalen	-	Ulike tiltak og etappar av sti og løypenettet i Sysendalen, kan delast opp i fleire ulike anlegg og søknadar
Nærmiljøanlegg			
Frisbeegolfbane	Simadal	-	Anlegg for eigenaktivitet eller konkurranse. Normalt 9 eller 18 hol/korger.
Sentrumsaktivitet	Sentrum		Aktivitetsanlegg i sentrum til bruk for fleire aldersgrupper

Tidlegare innspel om friidrettsanlegg, lysanlegg, friplassen og kunstgrasbane er lagt inn under ordinære anlegg nr. 2 i prioritetsliste.

Innspel

Innan fristen 1. mai 2026 var det kome fylgjande innspel til planen:

1. Mogeleggjera samanhengande sykkelrute mellom Eidfjord og Øvre Eidfjord. Avsendar ber Eidfjord kommune om å vera pådrivar for å få opna gamlevegen langs Eidfjordvatnet.
2. Bowlingbane i Eidfjord fritidssenter (Sæbø skule)
3. Styrketreningsrom i Eidfjord fritidssenter (Sæbø skule)